



ÅRSRAPPORT 2017



INNLEIING

Innhald

Innleiing	3
Visjon og verdiar	4
Tiltak	5
Organisasjon	12
Utvikling og samarbeid	18
Kompetanseheving for ordinært tilsette	21
Sertifisering	22



Inger Bratshaug: Månadens AFT-ambassadør

INNLEIING

Innleiing

Vårt samfunnsoppdrag er å gjel tilbod til personar som står på utsida av arbeidslivet. Dette er eit oppdrag vi tar på alvor og som vi kvar dag brettar opp armane for å løysa på best mogleg måte. Vår hovudoppdragsgjevar er NAV, men vi server også mange andre viktige aktørar, samarbeidspartar og oppdragsgjevarar; til dømes kommunane, privat næringsliv og privatpersonar.

Fagleg oppdatering og evne til tilpassing og omstilling er sentrale kvalitetar i Gløde.

Kontakt og samhandling mellom verksemda og næringsliv og kommunar er eit prioritert felt. Gjennom tiltaka Oppfølging, Avklaring og AFT er det etablert kontaktar og viktige samarbeidsrelasjoner. Det vert arbeida for å inngå samarbeidsavtaler mellom Gløde og aktuelle verksemder. Eigen vare og tenesteproduksjon er, og vil vere ein sentral del av attføringsarbeidet.

LOKALT SAMARBEID

ASVL-verksemndene i Nordhordland står saman for å bygge eit sterkt og godt tilbod til våre målgrupper. Vi er ikkje konkurrentar, men supplement til kvarandre . Det er faste treff for daglege leiarar som sikrar samarbeid og felles opplæring av tilsette.

Gløde har også eit aktivt medlemskap i Nordhordland Næringslag.

AFT TILTAKET:

Arbeidsforberedande trening, AFT, erstatta i 2017 tiltaket Arbeidspraksis i skjerma verksem (APS) og Kvalifiseringstiltaket (KIA). Det har vore arbeida systematisk og godt med plan for tiltaket. Organisasjonen er tilpassa tiltaket og personalopplæring er gjennomført. Det har vore god innsøking frå oppstart. Sjølv

etter midlertidig utviding med 10 plassar på slutten av året er det ei betydeleg venteliste.

VTA-TILTAKET:

Sikring av kvalitet og utvikling av VTA-tiltaket har og vore eit viktig satsingsområde. Ei arbeidsgruppe samansett av representantar for styret og fagpersonar har bidrige i dette arbeidet. Arbeidsgruppa har fokus på kvalitetssikring av dette tiltaket og andre tiltak, samt organisering av disse. Arbeidsgruppa sitt arbeid fortset 1. halvår 2018.

AVDELING INDUSTRISERVICE

Etter ein lang og grundig prosess vart avdelinga lagt ned frå 01.07.2017. Bygget vart sold til nabobedrift. Portefølje og maskiner vart overdratt til Frekhaug Maskinering, som viderefører produksjonen. Overtaking av enkelte medarbeidarar og etablering av praksis og tiltakslassar var ein del av avtalen.

Arbeidet med overføring av tiltakslassar, omplassering av personell og formidling til andre arbeidsgjevarar har vore krevjande og viktig for alle partar.

DRIFT OG ØKONOMI:

Gløde har hatt betydelege utfordringar med økonomien i verksemda i seinare år. Dette har gjort at vi har satt i verk ulike tiltak for å snu skutten, mellom anna nedlegging av avdeling Industriservice. Alle avdelingar og arbeidsområde er gjennomgått med tanke på å sikre økonomisk berekraft og fortsett har vi utfordringar på enkelte område. Vårt mål er å bygge opp ein buffer slik at vi får større handlingsrom.

Ambisjonane for framtida er å utvide porteføljen vår ytterlegare. Vi skal vere rask med å mobilisera ressursar når nye behov oppstår. Vi er ein verdiaktør, og fokuserer og har sterkt fokus på verdiforankringa.

VISJON OG VERDIAR

Visjon og verdiar

Vår visjon er gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine. Vi lukkast i den grad den enkelte lukkast i å nå sine mål.

Vi i Gløde er svært opptatt av verdiar. Vi har formulert tre små setninger som seier mykje om våre verdiar og desse er nedfelt i verksemda sine vedtekter:

ALLE KAN ARBEIDE

ALLE KAN UTVIKLE SEG

ALLE KAN GJERE EIN FORSKJELL

Alle kan arbeide

Arbeidslinja er sentral i den norske velferdsstaten. Gløde vil og skal støtte opp om dette. Det er ikkje sagt at alle skal arbeide, men vi skal motivere og legge til rette for alle som vil arbeide, og ikkje gje oss før dei får det til. Vi skal stille oss på deltakars side og saman utforske mulighetene. Vår vide definisjon av arbeid er: Ein prosess som fører til verdiauke av varer og tenester som skal ut i ein marknad.

Alle kan utvikle seg

Vår visjon er «gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine.» Vi er overtydd på at alle kan utvikle seg om forholda vert lagt til rette. Det handlar mellom anna om at den enkelte blir sett, blir utfordra og heia på. Det gjelder også Gløde sin stab. Vi skal være ein lærande organisasjon som stadig utviklar seg gjennom at den enkelte utviklar seg.

Alle kan gjere ein forskjell

Alle gjer ein forskjell! Det handlar om sjå den enkelte, sette lys på kvar enkelt si betydning og gi rom for kvar enkelt si unikheit. Vi er overtydd om at når personar bli akseptert for den dei er, trivst og kan nytte sine ressursar, vil dei gjere ein forskjell. Vi tenker at kvar enkelt

er viktige brikker i det totale puslespillet. Alle tilsette i Gløde skal gjere ein positiv forskjell i samfunnet og for den enkelte deltarar.

Formålspargraf i vedtekten.

§ 2. Formål

Gløde AS sitt formål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette.

Vår målsetjing er gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine.

Vår målgruppe er personar som treng: Varig tilrettelagt arbeid, arbeidstrening, avklaring, opplæring og hjelp til å komme ut i ordinært arbeid.

Med arbeid meiner vi ein prosess som fører til verdiauke av varer og tenester som skal ut i ein marknad.

Gløde AS kan delta i andre selskap.

§ 3 Verdigrunnlag

Alle kan utvikle seg

Alle kan gjere ein forskjell

Alle kan arbeide»

I tråd med visjon og formål skal Gløde AS vera ein sentral aktør innan attføring og arbeidsinkludering i region Nordhordland og nærområdane. Vi skal også være ein betydeleg aktør innan våre teneste- og produksjonsområde, deriblant aktivitetstilbod til deltakarar som treng dette.



Tiltak

Gløde AS har fokus på kvalitetssikring av alle prosessar i de ulike tiltaka. Brukarmedverknad er sentralt. Alle deltakarar er med på å utarbeide sin aktivitets-/tiltaksplanar og definera kva nivå som skal settast i forhold til forventningar og krav.

For de midlertidige tiltak er målestokken det ordinære arbeidsmarknaden. Dei interne arbeidsområde blir først og fremst sett på som eit verktøy for deltakar sin kartlegging, plan og progresjon. Gløde AS vurderer at verdien av interne skjerma arenaer er tett knytt til om arbeidsoppgåvene er reelle, at dei er hensiktsmessig for deltakarar og at det er ein aktuelt arbeidsmarknad innanfor aktuelle arbeidsområde.

Personvern står også sterkt i Gløde: Vi har underteikna databehandlaravtale med NAV, Proplan og Upheads. Vi har starta på arbeidet opp mot dei nye krava i GDPR som trer i kraft mai 18. Gløde har forplikta seg til å sikre god handtering av personopplysningars og krav til gode og sikre system. Gløde føljer opp dette i dei ulike tiltak.

VARIG TILRETTELAGT ARBEID (VTA)

Gløde har 23 plasser i tiltaket varig tilrettelagt arbeid. VTA i vår bedrift har over fleire år vært preget av en stabil arbeidsstokk.

Både ved inngangen og utgangen av 2017 har alle plassane vart nytta med 25 personar i tiltaket. Det er i løpet av året tatt inn 1 ny person i tiltaket og 1 personar har avslutta VTA.

Gløde har ved utgangen av året 11 på venteliste til VTA frå Meland, Bergen og frå ulike kommunar i Nordhordland.

Gløde tilbyr tilrettelagt arbeid innan følgjande arbeidsområde:

- Kjøkken / kantine
- Vaktmester/driftsoperatør
- Trearbeid
- Lager / logistikk
- Monteringsarbeid
- Tekstil/glas
- Vaskeri
- Fruktavdeling (skolefrukt / jobbfrukt)
- Transport avdeling
- Kontor- og administrasjon

Rettleiing av den enkelte ivaretakast av arbeidsleiar, med støtte frå avdelingsleiar. Det er gjennomført personalsamtaler med alle arbeidstakarar i VTA og revidert oppfølgingsplanar og årsrapportar etter avtale med NAV også i 2017.

Dagleg er det produksjonsplanleggingsmøter på de ulike arbeidsstadane, kvar dagens arbeid drøftast og neste dags arbeid planleggast og fordelast. Dette gir arbeidstakarane påverknadsmoglegheit over eigen arbeidssituasjon, samt at verksemda får god styring over de ressursar som til ein kvar tid er tilgjengeleg.

Gløde legg vekt at dei ulike arbeidstakarane kan få moglegheit til å jobbe innanfor fleire av de ulike arbeidsområde Gløde har.

Det er gjennomført fleire fellesmøte på de ulike avdelingane. Arbeidstakarane er representert i vernearbeidet gjennom kontaktpersonar på kvar avdeling. Bedrifta har en trivselsgruppe bestående av to valde arbeidstakarar og to ordinært tilsette som jobbar med ulike

TILTAK

trivselstiltak i bedrifta. Arbeidstakarane har også utpekt ein representant til bedriftas styre og en tillitsvalt og sekretær som skal ivareta arbeidstakaranes interesser.

KOMMUNALE PLASSAR VED GLØDE

Gløde har ved utgangen av 2017, 11 kommunale plassar, ni personar frå Meland og to frå Lindås.

Tiltaket skal tilby arbeid til personar som ikkje kan arbeide ved ordinære tiltaksbedrifter og som faller utanfor den statlege VTA-ordninga, men likevel har behov for et arbeidstilbod frå Gløde AS. Arbeidet skal tilpassast den enkelte si yteevne innanfor våre ulike arbeidsområde. Tiltaket er retta mot personar som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging (ofte 1:1). Målet er at deltakarane på kommunale plassar må vera i stand til å utføre deler av et arbeid. jamfør vår definisjon av arbeid, nedfelt i vedtekten: Med arbeid meinast: " Ein arbeidsprosess eller deler av ein slik prosess, som fører til verdiauke av eit produkt/teneste som skal ut i ein marknad"

Tiltaket er 100% finansiert av innsøkande kommunar, og satsen avhenger av den enkelte sitt oppfølgingsbehov. Oppfølgingsbehovet fastsettast ut frå søknad og en utprøvingsperiode ved Gløde. I einigheit mellom partane utarbeidast det ein egen avtale som beskriver oppfølgingsbehovet og finansiering. Denne avtalen evaluerast årleg mellom partane.

I 2017 har Gløde sett behovet for å auke aktivitetstilbodet til de som so har avtale om kommunal plass. Denne endringa er utvikla i eit nært samarbeid med deltakar, styre og medarbeidarane.

Resultatet er at Gløde legg vesentleg meir vekt på dei individuelle behov den enkelte deltakar har og eigne dagsplanar legg føringar for

kvardagen når det gjeldt fordeling av arbeid og aktivitet.

Fysisk trening er ein viktig del av aktiviteten til Gløde.

Samlet sett meiner Gløde at dette gir personen en meir meiningsfull kvardag.

ARBEIDSPRAKSIS I SKJERMA VERKSEMD (APS)

Gløde AS hadde pr. 01.01.2017 25 avtalte plassar i APS. Arbeidspraksis i skjerma verksemd ved Gløde AS har vore eit tilbod som har vore levert etter attføringsbedriftene sin bransjestandard for tiltaket og NAV sin kravspesifikasjon med følgjande mål:

- Kartlegging, arbeidsutprøving, avklaring og utvikling av deltakar sine føresetnadar for deltaking i yrkeslivet på kort og lang sikt.
- Tett og brei oppfølging av deltakar gjort av kvalifisert rettleatingspersonell og med eigen hovudrettleiar.

Gløde AS har i 2017 hatt tilbod om skjerma arbeidsmiljø for utprøving av arbeidsevne innan fleire arbeidsfelt:

- Kjøkken og kantine
- Drift og vedlikehald
- Trearbeid
- Lager og Logistikk
- Transport
- Bilpleie
- Fruktavdeling (skulefrukt og jobbfrukt)
- Kontor- og administrasjon
- CNC-produksjon

TILTAK

Som ein forløpar til det nye tiltaket AFT (Arbeidsførebuande Trening) med oppstart 01.07.2017, fekk Gløde frå januar 2017 høve til å gå eksternt og bruke ordinært arbeidsliv som arbeidsutprøving. Dette har opna opp for eit større omfang av arbeidsplassar og arbeidsoppgåver for våre deltakarar. Det har vore viktig for oss å arbeide mest mogeleg likt det tilbodet vi hadde ynskje om å gi i AFT-tiltaket, og difor har brukarmedverknaden vore ein viktig faktor.

METODAR I TILTAKET:

- Individuell rettleiing
- Jobbpics
- Interessetestar
- SCI / Wie
- Sosial trening og opplæring i sosiale ferdigheter og karriereferdigheter
- Samarbeidsmøte
- Opplæring og grunnleggande praksis tilpassa deltakar sine føresetnadar, ynskjer og behov

Hovudfokus har vore å gi praktisk arbeidstrening som skal styrke tiltaksdeltakar sin moglegheiter for å komme i arbeid.

ÅRSSTATISTIKK

Ved starten av året var det 23 personar i tiltaket. 22 personar vart skriven inn i løpet av året, og 45 vart avslutta i tiltaket APS, som vart stansa 30.06.2017. Av desse har 2 personar gått til ordinært arbeid utan bruk av lønstillskot, 36 personar har gått til andre aktive løysingar (m.a. konvertert til AFT). 7 personar er skriven ut grunna sjukdom/medisinsk rehabilitering og grunna søknadsprosedyre i samband med

uførepensjon. Det har vore 16 kvinner og 29 menn i tiltaket. Gjennomsnittleg opphaldstid i tiltaket har vore 6,33 månader.

Aldersfordeling

Under 25 år	22 personar
Mellom 25 – 35 år	7 personar
Mellom 36 – 55 år	15 personar
Over 55 år	1 person

ARBEIDSFØREBUANDE TRENING (AFT)



Testar norskunnskapane

I mars 2017 blei Gløde godkjend som leverandør av tiltaket AFT. Oppstart av dette tiltaket var 01.07.2017. Frå starten fekk vi tildelt 31 plassar. Dette var 25 tidlegare APS-plassane samt 6 tidlegare KIA-plassar (Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift). Frå november 2017 er Gløde også tildelt 10 midlertidige AFT-plassar.

Gløde tilbyr AFT i samsvar med kravspesifikasjon for tiltaksarrangør. Resultatmål er 50 % overgang til arbeid eller utdanning. Målgruppa er personar med nedsett arbeidsevne og samansette bistandsbehov. Gløde tilbyr individuell skreddarsaum for kvar deltakar for å kunne møte ulike behov, slik som

TILTAK

helsemessige og sosiale utfordringar, svake grunnleggande ferdigheter og liten eller ingen arbeidserfaring.

Gløde sin filosofi for tiltaket er

1. Vi skal ha eit klart jobbfokus (ordinært arbeid under ordinære vilkår er målet)
2. Vi skal vere målretta, strukturerte og tidseffektive
3. Det skal vere ein kvalitetssikra prosess
4. Alle delar av tiltaket skal halde høg fagleg kvalitet og byggje opp under hovudmålsettinga
5. Vi skal vere bruakarsentrert (deltakar eig sin prosess fram mot arbeid)
6. Deltakar og NAV skal sitje att med ein meirverdi etter tiltaket
7. Ordinært arbeidsliv er vår viktigaste samarbeidspart for å lukkast i AFT

Oppfølgingsmetodikken i AFT byggjer på Supported Employment (SE), som er ein metodisk tilnærming for å sikre at menneske med funksjonsnedsetting / utsette grupper får tilgang til opprettheld betalt arbeid på den opne arbeidsmarknaden. SE handlar om å raskt finne jobb som passar for arbeidssøkar, gi nødvendig opplæring og rettleiing på praksisstaden, samt å utvikle og vedlikehalde arbeidsforholdet. Gløde bruker mest mogleg av strukturen og tankegodset i SE for å få til ein best mogeleg arbeidsinkludering. Tiltaket inneheld både avklaring/karriererettleiing, opplæring, intern arbeidstrening, ekstern arbeidstrening og formidling.

Intern utprøving av arbeidsevne kan gjennomførast innanfor kjøkken/kantine, drift/vedlikehald, trearbeid, lager/logistikk, transport/enkel bilpleie, fruktavdeling, miljøarbeid og kontor/administrasjon.

ÅRSSTATISTIKK

I løpet av perioden 01.07.2017 – 31.12.2017 har 69 personar starta i tiltaket (29 av desse var konvertert frå APS til AFT ved overgang til nytt tiltak). Antall deltakarar som har sluttat i tiltaket i denne perioden er 29. Ved slutten av året var det 40 personar i tiltaket. Det har vore 23 kvinner og 46 menn i tiltaket.

Sluttårsak

Ordinært arbeid, utan lønstilskot	4 personar
Arbeid/trygd kombinasjon	1 person
Eigenfinasiert utdanning	3 personar
AMO-kurs	1 person
Andre aktive løysingar	6 personar
Sjukdom/rehabilitering/ufør	13 personar
Avbrot i tiltaket	1 person

Gjennomsnittleg opphaldstid i tiltaket har vore 2,83 månader i dei seks månadane tiltaket har eksistert.

Aldersfordeling

Under 25 år	31 personar
Over 25 år inntil 35 år	11 personar
Over 35 år inntil 55 år	25 personar
Over 55 år	2 personar

TILTAK

AFT – GRØNT ARBEID

Gløde AS er tildelt 5 plassar i tiltaket AFT – Grønt arbeid, eit arbeidsmarknadstiltak for personar med psykiske og/eller rusrelaterte helseproblem. Gjennom 2017 har 5 deltakarar starta i løpet av året; av dette 3 menn og 2 kvinner. Ved årets slutt er det 5 personar i tiltaket. 4 personar har slutta i løpet av året; 1 person har starta eigenfinansiert utdanning, og 3 er avslutta grunna sjukdom/rehabilitering/ufør.



Grønt arbeid på Træland Gard er eit samarbeid mellom Gløde AS, Træland Gard og NAV. Tiltaket er ein del av «Inn på Tunet», som er ei samlenemning på tilrettelagte aktivitetar som vert tilbydd på ulike gardsbruk og for ulike brukargrupper. Grønt arbeid er eit fleksibelt og individuelt tilrettelagt arbeidstreningstilbod der deltakarane skal oppleve tryggleik, trivsel og meistring.

Tiltaket er direkte underlagt Gløde AS som tiltaksarrangør. Træland Gard er underleverandør og har det delegerte ansvaret for dagleg styring og drift, samt oppfølging av deltakarar.

Træland Gard ligg på Hundvin i Lindås kommune og har vore i drift i 150 år. Ved garden vert det lagt vekt på å bevare kulturlandskapet og å ta vare på både gards- og mattradisjonar.

KVALIFISERING I ARBEIDSMARKNADSBEDRIFT (KIA)

Gløde AS har vore tildelt 7 plassar i tiltaket kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift. I samband med innføring av AFT blei plassane konvertert, og i Gløde blei plassane først omgjort til APS-plassar etter kvart som deltakarar avslutta sine tiltak. KIA-plassane kom opprinneleg frå Nordhordland Industriservice, og deltakarar gjennomførte kvalifisering, enten ved å ta fagbrev eller å få kompetansebevis, i faget CNC-operatør.

1. januar var det 5 personar i tiltaket. 4 personar har slutta i løpet av 2017 der 2 personar har gjennomført kompetanseprøve og 2 personar har slutta av andre årsaker. Ved årsslutt er det 1 person att i tiltaket. Vedkommande har skrive lærekontrakt med mål om fagprøve/kompetanseprøve i løpet av første halvår 2018.

Gjennom kvalifiseringstiltaket har deltakarane fått kompetanse i CNC-maskineringsfaget gjennom arbeidstrening og tilrettelagt opplæring. Felles for deltakarane i KIA er at dei alle har hatt individuelle opplæringsplanar bygd på måla for læreplanen i CNC-faget.

Ved avdelinga på Olsvollstranda har det gjennom fleire år blitt kvalifisert mange for arbeid i industrien. Målsettinga har vore å rekruttere personar til ordinært arbeid etter gjennomført kompetanse. Sommaren 2017 blei avdelinga lagt ned og ein del av produksjonen

TILTAK

er overtatt av Frekhaug Maskinering. Denne bedriften er også en god samarbeidspartner for Gløde når det gjelder eksterne arbeidsutprøving for våre deltakarar. Deltakar i kvalifiseringstiltaket får også siste del av opplæringa si ved denne verksemda.

TILRETTELAGT ARBEID I ARBEIDSMARKNADSBEDRIFT (TIA)

Deltakarar i tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift (TIA) er tilsett i Gløde AS og mottar løn etter tariff. I 2017 har det vore 7 personar i tiltaket, 2 kvinner og 5 menn. Tiltaket er retta mot deltakarar som i mindre grad har moglegheit for å få arbeid i det ordinære arbeidslivet. I vår verksemde har deltakarane vore tilsett i verkstaden på Olsvollstranda (mekanisk industri), som kantinemedarbeidar, innan merkantil teneste og i anna stabsfunksjon (økonomi og ikt). Sjølv om tilsettinga er fast og utan tidsavgrensing, skal det jamleg vere ei vurdering av rekruttering til ordinært arbeidsliv. I løpet av 2017 er tiltaket avvikla, og deltakarane er vurdert for varig lønstilskot.

KOMPETANSEAVDELINGA

Kompetanseavdelinga har ansvar for dei konkurransesettte anboda oppfølging og avklaring. Desse anbod vert levert i samarbeid med Fretex (Hovudleverandør) og Trigger. Avdelinga har ansvar for fagleg innhald og kvalitet i tiltaka. Det er ein avdeling med svært høg aktivitet, krav til gode system og god logistikk. Dette er ivaretatt av den stab med kompetente tilsette. Rettleiarar innan oppfølging og avklaring har variert yrkes- og utdanningsbakgrunn. I Bergen held vi til i C. Sundsgt. 51, 4 etasje (Oppfølging) og i Knarvik har vi adresse Hagellia 4 (Oppfølging og

Avklaring). Begge plassar har vi lyse og tenlege lokal.

Februar/mars gjennomførte rettleiarar knytt til avklarings- og oppfølgingstiltaket opplæring i motiverande intervju ved Stian Midtgård som samtalemetodikk. I tillegg har rettleiarane som ble tilsett i 2017 gjennomført opplæring i metode knytt til tiltaka oppfølging og avklaring. Rettleiarane som tidlegare har gjennomført grunnleggande opplæring i metoden har hatt oppfrisking og vært med i utviklinga av tilbodet.

For å auke rettleiaranes kompetanse ytterlegere er det planlagt opplæring i korleis ein skal handtera ulike problemstillingar som har høgst frekvens i tiltaket. Dette er blant anna søvnrytme, lettare psykiske utfordringar og motivasjon. Vinter/vår 2018 er det planlagt prosjekt med dedikert ressurs som jobbar med marknadsarbeid.

OPPFØLGING

I tiltaket oppfølging gjev Gløde deltakarar hjelp til å skaffe eller behalde eit arbeid. Dei får mellom anna rettleiing, råd og hjelp til opplæring i arbeidsrelaterte og sosiale ferdigheter. Det inneber hjelp til jobbsøking, å legge arbeidet og arbeidssituasjonen til rette, praktiske oppgåver knytt til arbeid eller gjennomføring av tiltaket. Det var i snitt på 17 rettleiarar i dette tiltaket.

I inngangen til 2017 hadde Gløde 90-100 plasser i Nordhordland (TO5) og ca 200 plasser i Bergen. Mot slutten av 2017 fekk Gløde melding frå NAV at de vil redusere dei utvida rammene i 2018.

1.1.2017 var det 286 aktive i tiltaket oppfølging, mens det ved utgangen av året var 290 aktive deltakarar. I perioden har 561 deltakarar blitt avslutta, av desse er 234 (42%) gått til

TILTAK

ordinært arbeid. I tillegg har 20 deltakarar (4%) gått til utdanning.

Gløde har økt formidlingsprosenten i 2017 til nærmere 50%, men skal jobbe iherdig for å nå målkravet i 2018 på 65% formidling.

AVKLARING

I tiltaket avklaring kartleggast og vurderast om deltakarar kan utføra ordinært arbeid dersom arbeidssituasjonen og arbeidsoppgåver blir tilpassa og kva slags bistand eller tilrettelegging som skal til for at deltakar kan delta i arbeidslivet, kompetansen og mogleghitetene deltakarane har. I tillegg gis informasjon og kunnskap om arbeidsmarknad, yrker og jobbkrav, rettleiing for val av yrkesmål og arbeidsoppgåver, samt arbeidsutprøving på ny eller annan arbeidsplass.

Gløde hadde i 2017 tiltaksramme på 25-35 tiltakslassar i Nordhordland. Det har i snitt vært tre rettleiarar i tiltaket.

Ved inngangen til 2017 var det 15 deltakarar, 182 har begynt i løpet av året, 171 har avslutta tiltaket, og ved slutten av året var det 26 deltakarar i tiltaket.

Resultat:

90 personar er avslutta til aktive tiltak (jobb, utdanning eller andre tiltak) og 81 personar er avslutta til anna hjelp og oppfølging.

Gløde har fokus på å betre sluttrapportar i tiltaket i tråd med NAV sine krav og forventningar. Gløde vil også i 2018 oppretthalde god gjennomstrøyming i avklaringstiltaket. Gløde har heile tida hatt venteliste til tiltaket og det kan bli aktuelt å auke kapasiteten i tiltaket.

ELEVAR

Gløde har avtale med Hordaland Fylkeskommune om elevplassar frå vidaregåande skular. Fylkeskommunen finansierar utprøvinga. Vi har i mange år hatt elevar på slik utplassering i skuletida. Dette er som oftast elevar som har tilrettelagt undervisning og treng tilrettelagt arbeidsutprøving og trenings. Mange i tiltaket VTA hos oss har begynt i elevpraksis.

I 2017 hadde vi til saman 9 ulike elevar på utprøving i kortare eller lengre periodar. Utprøvinga tek utgangspunkt i behova og ønska til elevane og går føre på alle våre arbeidsarena.


LÆRLINGAR

Gløde har i 2017 vore opplæringsbedrift i CNC-maskinarbeidarfaget og i kokkefaget. Gløde har dels hatt TAF-elevar og andre på ordinære lærekontraktar og lærekandidatar som skal ta kompetansebevis. Nokre av desse har vore i KIA-tiltaket. Det vart i 2017 avgjort 2 bestårte fagprøvar i CNC-maskinarbeidarfaget og 3 kompetansebevis i same fag. Ved utgangen av 2017 er det to lærlingar i regi av Gløde: Ein i CNC og ein i kokkefaget. Begge skal ta fagprøve i 2018.



ORGANISASJON

Organisasjon



(Organisasjonskartet slik det var i 2017)

ORGANISERING AV VERKSEMADA

Gløde var frå og med januar 2017 organisert slik vist i organisasjonskartet ovanfor. Det vart i november 16 vedteke å legge ned avdeling Industriservice frå 01.01.17. CNC-Drifta vil vart avvikla sommaren 2017.

Det er gjennomført tilfredsheitsundersøking for alle ordinært tilsette som synar tilfredsheit blant de ordinært tilsette når det gjelder arbeid og arbeidsoppgåver som heilheit. Det har vore krevjande omstillingar for mange i verksemada etter fusjon og organisasjonsendringar. Vi har

fokus på å jobba med å betra arbeidsmiljøet og trivselen i verksemda.

I inngangen til 2018 vart det vedteke å legge ned utviklingsavdelinga og plassera dette ansvaret på leiargruppa.

Leiargruppa består frå 2018 av Bjørn-Arild Herfindal, Thomas Knudsen, Gry I Takle, Bjørn Thorsheim, Vibeke P Valestrand og Tryggve Gran. I tillegg er Dag Reistad og Elise Gundersen teamleiarar for hhv oppfølging og avklaringstiltaket. (Heidi T Hansen avslutta i Gløde 31.12.17)

ORGANISASJON

Styret i Gløde	Namn
Styreleiar	Nils Marton Aadland
Styrenestleiar	Morgan Taule
Medlem	Åshild Aamli
	Steinar Raa
	Solveig G. Helleland Lerøy
	Anne Grete Eide
	Anne Kristina Valle
	Ståle Juvik Hauge
Vara	Sølvi N Gripsgård Knudsen
	May Eva Sandvik

VERKSEMDA EIG FØLGANDE LOKALE

- Havnevegen 15.
Produksjonslokal og 4 leiligheter.
- Havnevegen 11.
 - Produksjonskjøkken, kantine, møterom, undervisningsrom, kontorer og 4 leiligheter.
- Mjåtveitflaten 33-37.
 - Kontorer, møte-/undervisningsrom, data og utvikling, Produksjons- og lagerlokaler for Logistikk og serviceavdelingen
 - Radøyvegen 715 - produksjonslokaler og kontor.

VERKSEMDA LEIGER

- C.Sundsgate 51 Bergen, 4 etasje – 11 kontor og møterom for oppfølging Bergen
- Hagellia 4, Kontorer og møterom for oppfølging/avklaring Nordhordland
- Knarvik Senter, Promenaden, 4. etasje – kontor.

Aksjeeiere	Aksjeandel
Meland Kommune	35,1 %
Lindås Kommune	10,6 %
Hordaland Fylkeskommune	7,1 %
NFU	5,8 %
Frank Mohn Flatøy AS	5,3 %
Norges Handikapforbund Meland	4,6 %
Radøy Kommune	4,6 %
Sparebanken Vest	3,5 %
Meland Helselag	3,5 %
Austrheim Kommune	2,7 %
Helge Vidar Larsen	2,3 %
Masfjorden Kommune	2,0 %
Norsk Hydro	1,8 %
Frank Mohn Flatøy AS	1,8 %
Steinar Knudsen	1,2 %
Karl G Oppsahl	1,2 %
Per Sæthre (etterlatte)	1,2 %
Ingvald Bastesen	1,2 %
Johan Alv Andersen	1,2 %
Gunnar Vetejord	1,2 %
Statoil Mongstad	1,1 %
Fedje Kommune	0,9 %
Adv. Olav Jordal (etterlatte)	0,1 %
Nordhordaland Handverk og Industrilag	0,1 %



ORGANISASJON

ORDINÆRT TILSETTE

Gløde hadde ved årsskiftet ein stab på 58 ordinært tilsette. Av disse er 43 personar direkte knytta til tenesteyting. Gløde har kompetente medarbeidarar i alle ledd. Vi har ein stor andel med høgskuleutdanning innan ulike fagretningar også ein del med master innan ulike fag. I tillegg har vi personar med fagutdanninger innan ulike fagområde.

- Pedagogisk kompetanse
- Helse- og omsorgsfag
- Leiing og administrative fag
- Humanistiske fag
- Mediafag
- Industri og handverksfag
- Attføringskompetanse


TTILDELT RAMME OG GODKJENDE PLASSAR PR. 31.12.17

- 46 AFT-plassar (inkl. 5 grønt arbeid)
- 23 VTA-plasser
- 1 Kvalifisering i arbeidsmarkedsbedrift (KIA)
- 7 Tilrettelagt i arbeidsmarkedsbedrift (TIA) Avslutta 31.12.17 og overført til varig lønnstilskot)
- Avklaring ordinær 25-35 plassar (Anbud)
- Oppfølging 290 plassar (Anbud)
- 10 kommunale plassar

OVERSIKT OVER ARBEIDSFELT I VERKSEMDA

KJØKKEN OG KANTINE

Gløde AS sitt kjøkken og kantiner er kjend for god mat og nøgne kundar. Kokkane våre held høgt fagleg nivå og har erfaring frå inn- og utland, restaurantar, kantiner og hotell. I tillaging av mat vert det lagt vekt på høg kvalitet, god smak og delikat anretning.



Gløde AS drifter kantine på Knarvik vidaregåande skule, Rådhuset i Meland Kommune og eigen kantine for tilsette i Havnevegen 11 / 15, Frekhaug. Vi leverer også catering i Nordhordland og Bergen, og i tillegg har vi utleige av møte- og selskapslokale, som også omfattar at vi leverer maten.

Gløde AS er også godkjend i kokkefaget i restaurant og storkjøkken, og kan difor ha lærlingar i kokkefaget.

ORGANISASJON

DRIFT OG VEDLIKEHALD / TREARBEID

Gløde AS tilbyr arbeidstrenings ved drift- og vedlikehaldsavdeling der arbeidsoppgåvene er innanfor vaktmesterteneste på eigne bygg og eigedom samt driftstenester i Frekhaug Senter. Arbeidsoppgåvene består av ansvar for vedlikehald av bygg og eigedom og drift av tekniske anlegg. Deltakarar blir opplært i strukturert og planmessig drift av bygg og eigedom, og dei vil bli involvert i vedlikehaldsplanar, brannvernsarbeid og sikring av bygg og eigedom. Vidare inneholder opplæringa/arbeidsoppgåvene bruk og vedlikehald av teknisk og mekanisk utstyr.

Driftsoppgåver vil også kunne kombinerast med produksjonsarbeid på treavdelinga der det blant anna vert produsert treartiklar til industrien, hage- og sittebenkar, postkassestativ, bosspannkjularar m.m. I slutten av 2017 vart treavdelinga flytta frå Havnevegen til Mjåtvælt og inngår i avdelinga Logistikk og Service, mens vaktmester vart ein del av avdelinga Frukt og produksjon.

LAGER OG LOGISTIKK

Gløde AS har lagerhald av rørklammer for Frank Mohn, samt lager av O-ringsett for Rolls Royce Marine. Arbeidet på lager-/logistikkavdelinga er montering av klammersett, kvalitetskontroll, truckkjøring, dagleg kontroll av truck, varedeklarasjon, følge plukklister, kontroll av eige og andre sitt arbeid, og logistikksystem på data.

TRANSPORT

Arbeidet på transportavdelinga gjeld ulike transportoppdrag av eigne produkt samt transportoppdrag for eksterne oppdragsgivarar. Arbeidet består av lessing, lossing, sikring av last, kjøyring av varebil (Nordhordland, Bergen, Askøy), vera sidemann, levering, handtering av køyresetlar, planlegging av rutar og kundekontakt. Vidare inngår reinhald og enkelt vedlikehald av bilane.

KONTOR OG ADMINISTRASJON

Ved Gløde AS kan vi tilby arbeidstrenings innanfor kontorfaglege oppgåver. Opplæringa fører ikkje fram til spesifikt yrke, men skal gi grunnleggande erfaring retta mot eit brent spekter av kontoroppgåver som er å finne i store delar av arbeidsmarknaden. Teknologi og endringar i arbeidsfeltet kontor- og administrasjon gjer at mange tradisjonelle arbeidsoppgåver fell bort eller er overført til tilsette i fagstillingar. Innanfor Gløde AS har vi relevante kontorfaglege oppgåver som kan utførast av tiltaksdeltakarar i ein introduksjonsperiode i faget før ein arbeidspraksis eksternt.



ORGANISASJON



INDUSTRI

Gløde AS tilbyr arbeidstrening innanfor industrifag. Innhaldet i Gløde AS Industri er utarbeida med bakgrunn i felleselement i kompetanseplattformen for lærefaga i utdanningsprogrammet for teknikk og industriell produksjon. Opplæring og arbeidspraksis gir grunnleggande og enkel trening i produksjonsprosesser og er eit tilbod til dei som ønsker seg vidare innanfor arbeid i industrien. Det gir også moglegheit for å komme eit steg vidare, t.d. via lærepass/opplæringsplass i andre industribedrifter. Avdeling Indstriservice vart nedlagt i juli 2017 og verksemda vart vidareført av Frekhaug Maskinering. Ein del tilsette følgde over i ny verksem.

GLASPRODUKSJON

Gløde lagar ulike artiklar i glas. Arbeidet består i mange elementar frå oppkutting av ulike glastyper, måling på glas, forme dekorative mønstre og brenning i ovn. Det er hovudsakleg deltakarar i VTA som deltek i denne produksjonen.

TEKSTILARBEID:

Vi tilbyr arbeid med klipping, merking og sying av støvhettar til å beskytte av røyrlappar under transport. Vi har også tilbod om veving av filleryer og produksjon av andre tekstilartiklar. Denne avdeling er tilrettelagt for deltakarar med stort tilretteleggingsbehov i VTA og kommunale tiltak.

PAKKING

Gløde har oppdrag frå ulike verksemder på pakking av O-ringsett, pakningssett og reparasjonssett til skipsmotorer og posepakking av monteringssett for røyrlammer. Dette er viktige jobbar for spesielt den gruppa med stort tilretteleggingsbehov i VTA og kommunale tiltak.

FRUKTAVDELING (SKULEFRUKT/JOBBFRUKT)

Gløde AS leverer kvar veke om lag 430 fruktkorger til bedrifter i Nordhordland og Bergen. Haust 2017 engasjerte vi seljar som har gjort at vi har auka omsetnaden på dette feltet. I tillegg vert det pakka og levert skulefrukt til skular i Nordhordland, Bergen og Askøy. Det er

ORGANISASJON

både deltagarar i VTA, AFT og elevar som deltek i dette arbeidet.

GLØDEPLUGG – OPPTENNINGSBRIKETTAR

Gløde starta i 2016 med produksjon av det vi kallar glødepluggar, som er opptenningsbrikettar for omnar og bål. Produksjonen og omsetnaden har auka jamt i 2017 og vi har fått avtale om utsal gjennom ulike butikkar i Nordhordland og Bergen. Vi har tilrettelagt produksjonen slika at dei fleste i VTA/kommunale tiltak kan ta del i dette arbeidet.

VINDAUGSLISTER (INWIDO)

Gløde starta i 2017 opp med delproduksjon for Inwido (naboverksem på avd. Mjåteit). Arbeidet består i montering av gummi i vindaugslister. Arbeidet er sesongprega. Produksjonen skjer i avdeling Logistikk og Service på Mjåteit og gjev arbeid både til deltagarar i VTA- og AFT-tiltaket.



Bilet over tilsette frå fusjonsfesten

UTVIKLING OG SAMARBEID

Utvikling og samarbeid


Gløde ser at utviklings- og forbettingsarbeid er svært viktig for verksemda og vi har også i 2017 satsa på dette.

Heile verksemda med AFT-avdelinga i spissen har vore involvert i arbeidet med utvikling av AFT. Gløde leverte vårt tiltakstilbod i byrjinga av 2017. Gløde vart godkjent tiltaksverksemد for dette tiltaket og for VTA, vår 2017, og starta opp AFT-tiltaket i juli 2017.

Vi har vore aktive i sentrale fora, mellom anna i ASVL og delteke i opplæring av andre verksemder og på seminar i ASVL sin regi.

Vi har jobba med deltakarar og utvikla ein versjon av «Kundereisen» som metodikk.

Gløde AS har jobba vidare med LEAN i 2017. Vi har vidareutvikla bruk av tavler rundt på avdelingane og vil halde fram med dette i 2018.



Gløde AS er medlem i Impact Hub i Bergen. Dette er eit fora og nettverk for sosiale entreprenørar og for sosial innovasjon.

Gløde AS har også i 2017 vore involvert i prosjekt i Moldova og underteikna i slutten av 2017 avtalar med 3 kommunar/regionar i Moldova. Dette var eit viktig steg i målet om å oppretta arbeidsplassar for personar med funksjonsnedsetjing i Moldova. Det vart i slutten av året tilsett prosjektleiar for dette arbeidet. Dette gjev oss mykje kompetanse på

utviklingsarbeid, internasjonalt arbeid og på prosjektarbeid.

Deltaking i Workshop for Ungdomsnettverk i Norhordland (nettverk med deltakarar frå NAV, skular, næringsforeiningar med meir).

Vi har også i 2017 samarbeid med andre tiltaksarrangørar om levering av anbod.

Gløde er medeieigar i OK AMB (Opplæringskontoret Arbeidsmarkedsbedriftene). OK AMB er eit supplement til øvrige opplæringskontor, samt ein samarbeidskanal for alle arbeidsmarknadsbedriftene i Hordaland. Konseptet er å tilby opplæring for både lærlingar og lærekandidatar som har behov for tett oppfølging i læreløpet.

Gløde har starta arbeidet me då verta eit «Miljøfyrtårn». Målet er å verte sertifisert i 2018.

Vi satte i 2017 i gang ein samarbeidsgruppe mellom tilsette i Gløde og styret. Gruppa skal evaluera VTA-tiltaket og sjå grensa mellom arbeid og aktivitet og evaluere kvaliteten i VTA-tilbodet. Arbeidsgruppa fortsetter inn i 2018.

Utviklingsarbeid som vart avtalt i samband med Equass-sertifisering: Konsept for Livskvalitet og betring av brukarmedverknad/brukarundersøkingar.

Gløde vil i 2018 satse vidare på utvikling av eksisterande varer og tenester, samt jobbe med utviklings- og innovasjonsarbeid med tanke på nye tenester og forretningsområde.

UTVIKLING OG SAMARBEID

SAMARBEID

- Tett samarbeid med dein einskilde rettleiarane på mange ulike NAV-kontor rundt kvar einskild sak
- Samarbeid med ulike helsetenester og spesialisteiningar i ulike saker.
- Samarbeid med etatar og tenester for å bistå deltakarar i ulike saker.
- Samarbeidsmøte med NAV
- Tett dialog med NAV Tiltak og Marked.
- Samarbeid med Knarvik vgs vedrørande lærlingar, elevar og kantinedrift.
- Samarbeid med fleire vidaregåande skuler om praksisplassar
- Samarbeid med dei andre attførings- og tiltaksbedriftar vedrørande opplæringskontor for tilrettelagt opplæring
- Medlem av Nordhordland Næringslag, og vi deltek fast på møter og arrangement
- Deltaking LINK-nettverket i NL
- Medlemskap i ASVL.
- Vi har deltatt på ulike møter og konferanser i regi av ASVL og Arbeid og inkldering
- Deltaking i faggruppe i ASVL.
- Vi har formalisert samarbeid rundt anbod med Fretex AS og Trigger AS
- Tett samhandling med med næringslivet
- Samhandling med Træland Gard om AFT-tiltaket Grønt arbeid.
- Erfaringsutveksling med andre tiltaksarrangørar i vår og andre regionar



Samarbeidsavtale om Inkluderande bedrift med lokal verksemد

UTVIKLING OG SAMARBEID

MOLDOVAPROSJEKTET

Gløde har sidan 2014 vore involvert i eit prosjekt i Moldova for å skapa arbeidstilbod til personar med redusert arbeidsevne. Målet er på sikt å utvikla nasjonale ordningar og tiltak. Prosjektet er finansiert av Norsk UD og hovedpartner i Moldova er Helse, sosial og arbeidsdepartementet og i 2014 vart det underteikna avtale mellom landa.

Vi jobbar nå konkret for å få til tre pilotverksemder, tilsvarande våre arbeidsmarkanadsbedrifter, i tre kommunar, i nord (Balti), i hovudstaden (Chisinau) og i sør (Cahul). I 2017 har vi vore på tre reiser til Moldova og har kome eit godt steg vidare med planane. Det har vore svært utfordrande

pga. vanskelege økonomiske føresetnader i Moldova og stadige politiske skifter. Haust 2017 tilsatte vi ein prosjektleiar i Gløde som sikrar tettare oppfølging av prosjektet. I byrjinga av desember 2017 vart det underteikna tilleggsavtale (addendum) med dei tre kommunane. I denne forpliktar kommunane seg til å aktivt jobbe for å etablira slike verksemder i sine kommunar. Vårt mål er at verksemdane skal verta etablert og starta opp i løpet av 2018. Vidare skal dei dagleg leiarane kome til Gløde for å få opplæring. Prosjektet vil løna dei tre daglege leiarane det første året. I januar 2018 godkjente UD utvida tid til ut 2019.



Samarbeidsmøte mellom Gløde og involverte partar i Balti i Moldova

KOMPETANSEHEVING FOR ORDINÆRT TILSETTE

Kompetanseheving for ordinært tilsette

Kva	Omfang	Kurs/studie	Antall personer
Motiverende intervju	3 dager	Kurs	15 personar
Opplæring i metode knyttet til oppfølging	3 dager	Kurs	5 personar
Motivasjonpsykologi	Halvt år	15 studiepoeng	1 person
Forhandlinger- og konfliktforståelse	Halvt år	15 studiepoeng	1 person
Innføring i jus for næringslivet	Halvt år	15 studiepoeng	1 person
Supported Employment	1 semester, samlingsbasert	10 studiepoeng	1 person
Praksisavtaler i næringslivet	1 dag	Kursbevis	1 person
Basiskompetansekartlegging (Rådgiveren)	1 dag	Kursbevis	2 personar
Basiskompetanseopplæring	2 dager	Kursbevis	3 personar
Slik lykkes vi i sysselsetting av innvandrere	2 dager		2 personar
Teamutvikling og samhandling	2 dager	Kursbevis	1 person
Relasjonsleiring	½ dag		Heile personalgruppa
Karriereveiledning	3 x 4 timer		Alle arbeidsleiarar og avdelingsleiarar
Samling/kurs alle på Gløde	6 t		
Leiarkurs innan leiing, innovasjon og økonomi	4 samlingar á 2 halve dagar	Kurs	Dagleg leiar
Fagkurs for leiarar	2 dagsamlingar	Kurs	Dagleg leiarar
Haustkonferanse i ASVL	2 dagar	Kurs/konferanse	2 personar
IKT-kurs om sikkerheit	2 halve dagar	Kurs	3 personer
Visma Business.	2 timer	Kurs	1 person
Telia sentralbord:	2 timer	Kurs	2 personer
Utagering og tvang, FO	1 time	Kurs	3 personar
BAMA, Årsmøte	2 dagar	Kurs	2 personar
Hjelpemiddelsentralen, «Roll Talk»-kurs	2 dagar	Kurs	2 personar
Utdanning desentralisert Vernepleier		Bachelorstudie	1 person

SERTIFISERING

Sertifisering

EQUASS

Gløde vart resertifisert i Equass juni 2017

Equass Assurance er eit europeisk system for kvalitetssikring av velferdstenester med ekstern revisjon og sertifisering. Det gir tenesteleverandør i velferdssektoren høve til å sikre kvaliteten av tenestene ovanfor deltagarar og samarbeidspartar. Den sertifiserte leverandøren av velferdstenester skal drive verksemda i tråd med 10 overordna prinsipp, og det vert stilt 100 ulike krav til verksemder som ønsker å sertifisere seg.

Gløde AS har kontinuerleg fokus på kvalitet, rutinar og prosedyrar i tråd med tilbakemelding frå Equass.

ACHILLES JQS

I samband med inngåing av service-, lager og transportavtale med Statoil Mongstad vart verksemda godkjent/sertifisert i Achilles JQS. Sjølv om oppdraget mot Statoil er avslutt, har vi vald å oppretthalde sertifiseringa kvart år.

For å oppnå kvalifikasjon må vi svara på obligatoriske spørsmål knytt til HMS. formål og ha implementert og dokumentert eit kvalitetssystem i samsvar til en internasjonal standard EN ISO 9001 serien eller tilsvarande standard. Se meir på <http://achilles.com/no/Achilles-Norge/>. Vi ble første gang godkjent 18. mai 2010 og har siden blitt resertifisert i mai måned hvert år.



Assurance
in Social Services



SERTIFISERING



Assurance
in Social Services

EQUASS Assurance has been awarded to

Gløde AS

Norway

for the following services/departments:

VTA – Varig tilrettelagt arbeid

AFT – Arbeidsforberedende trening

KIA – Kvalifisering i arbeidsmarkedsbedrift

TIA – tilrettelagt arbeid i arbeidsmarkedsbedrift

Avklaring

Oppfølging

for the period from 8 June 2017 to 8 June 2019

In recognition of its proven
Quality Assurance
in the provision of social services.

Mr. Frits Wijchers
President of the European Platform for Rehabilitation



GLØDE
Arbeids- og Kompetancesenter

TLF. 56 17 58 00

WWW.GLØDE.NO

DU FINN OGSÅ GLØDE PÅ FACEBOOK